



Vår dato:

16.09.2019

Vår ref:

2019/3764

Dykkar dato:

02.07.2019

Dykkar ref:

LANDBRUKSDIREKTORATET
Postboks 1450 Vika
0116 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ragnhild Naug Aas, 71 25 85 19

Svar på høyring - forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap

Vi viser til høyringsbrev frå Landbruksdirektoratet på vegne av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet av 2. juli 2019, med forslag til ny *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i dag forvalningsansvar for tre utvalde kulturlandskap og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Geirangefjorden (VF).

Her følgjer våre merknader til forslaget til ny forskrift:

Til § 1 Formål med tilskuddsordningene

For merknader til § 1 viser vi til Fylkesmannen i Vestland sin høyringsuttale, da vi er samd i deira uttale.

«Formålet med tilskotsordningane er uendra frå gjeldande forskrift med unntak av overskrifta. Dette er for å gjere det meir tydeleg at forskrifta omfattar to separate tilskotsordningar. Vi meiner at det er uheldig at ei forskrift har to ulike formål, men er samde i at dei to tilskotsordningane er ulike. Vi stiller såleis spørsmål om det ville vere gunstig å skilje dei to tilskotsordningane i ulike forskrifter for å i endå sterkare grad gjere det klart at dei to tilskotsordningane, og ordningane i sin heilskap er ulike. På denne måten ville det òg gå klarare fram at vi som nasjon set verdsarven høgt, og i ei særstilling kva gjeld forvaltning». (Fylkesmannen i Vestland, høyringsuttale datert 12.09.2019)

Til § 2 Virkeområde

Per i dag er ikkje verdsarvområda lagt inn i Naturbase som eige kartlag. Dette må på plass innan forskrifta trer i kraft.



Til § 3. Utlysning av og kriterier for tildeling av tilskudd

§ 3 første ledd (Om utlysing av tilskot)

Her står det at; «Kommunen skal utlyse alle tildelte tilskuddsmidler og fastsette vilkår for tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordningen [...]. (vår understrekning).

Vi les dette som at kommunane ikkje kan halde att midlar til møter, samlingar og prosess m.m. ved fastsetjing av budsjett, men at dei må søkje og få tildelt middel til dette gjennom vedtak. Vi viser her til tildelingsbrev til fylkesmennene i perioden 2017- 2019 kor det står at; «*Fylkene kan sette av midler til grunneiermøter, samlinger, prosessmidler m.m. Disse midlene trenger ikke lyses ut/kunngjøres*». Vi meiner moglegheita for å halde att midlar bør verta ført videre til kommunane.

§ 3 annan ledd (Tiltaksliste)

For merknader til § 3 annan ledd viser vi til Fylkesmannen i Vestland sin høyringsuttale til § 3, annan og tredje avsnitt, da vi er samd i deira uttale.

«*Lista over tiltak det kan løvvast tilskot til fungerer fint for UKL-områda, men er til forvirring når det gjeld verdsarvområdet [...]. Tiltaka i lista går til dels på tvers av ledd 1 i paragrafen; Kommunen skal utlyse alle tildelte tilskuddsmidler og fastsette vilkår for tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordningen, målsettinger i eventuelt gjeldende planer for området og eventuelle samarbeidsavtaler mellom søker og kommunen (vår understrekning) og formålsparagrafen; Formålet med tilskudd til tiltak i verdensarvområder er å styrke landbruket i verdensarvområdene.*

I verdensarvområdet VF er Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdensarvområda ein gjeldande og førande plan for området. Av denne spring det òg ut skjøtselsplanar og samarbeidsavtaler for enkeltbruk som konkretiserer korleis innsatsen er tenkt innretta. For forvalningsstyresmakta som fattar vedtak er balansegangen og skjønnet som må brukast i samband med siling av vedtak som er «innanfor og utanfor» ordninga svært krevjande når lista i forskrifa opnar for meir enn kva Tiltaksplanen gjer. Dette er eit døme på kvifor dei to tilskotsordningane, UKL og verdensarv, ideelt sett bør forvaltast med kvar si forskrift».
(Fylkesmannen i Vestland, høyringsuttale datert 12.09.2019)

§ 3 tredje ledd (Prioriteringskriterium)

Her er det lista to kriterium som kommunen skal leggje vekt på ved prioritering av søknader; «*kostnadene står i forhold til tiltakets mål og antatte effekt*» og «*tiltaket inngår i et målrettet og langsiktig arbeid som fremmer formålet med tilskuddsordningen*».

For å spegle § 3 første ledd og tydeleggjere lokale prioriteringar, meiner vi følgjande kriterium bør verta tilføydd:

- tiltaket er i samsvar med eventuelt gjeldene planer for området
- tiltaket er i samsvar med eventuelle inngåtte samarbeidsavtaler

Til § 4 Krav til søknad og søknadsfrist



§ 4 første ledd (Krav til søknad)

Avhengig av korleis det elektroniske søknadsskjemaet i Agros blir utforma, bør ein vurdere å skilje mellom krav til søknad for årlege tiltak og krav til søknad om eingongstiltak i forskrifta.

Årlege tiltak vil i hovudsak vere skjøtselstiltak som slått, beiting, styving og rydding. I Møre og Romsdal har vi per i dag eit eige søknadsskjema og eigne retningslinjer for årlege skjøtselstiltak. Retningslinene gjev mellom anna vilkår og satsar for ulike typer skjøtsel. Av denne grunn er t.d. kostnadsoverslag og finansieringsplan ikkje naudsynt i søknaden.

Omfattande krav til søknader om årlege tiltak kan vere til hinder for at desse vert omsøkt og gjennomført. Dette er noko vi og har fått tilbakemelding på når det gjelder dagens søknadsskjema.

Dersom det vert stilt same krav til alle søknader, vil eit alternativ vere at Agros vert utstyrt med ein funksjon som gjer det mogleg å overføre opplysningane frå eit års søknad til ein annan.

§ 4 annan ledd (Vedlegg til søknaden)

Avhengig av korleis det elektroniske søknadsskjemaet i Agros blir utforma, bør ein vurdere å skilje mellom vedlegg for søknad om årlege tiltak og vedlegg til søknad om eingongstiltak i forskrifta.

For årlege skjøtselstiltak vil det i hovudsak vere det same arealet som vert skjøtta kvart år, ved bruk av den same skjøtselsmetoden. Det vil soleis ikkje vere naudsyn å leggje ved kart og biletar av arealet kvart år.

Vi vil påpeike viktigheten av at Agros vert utstyr med ei digital kartløysning som gjer at tiltak på areal og objekt kan teiknast inn i kart. Med dagens papirløysningar (skanning av kart) er det ulike utfordringar knytt til kvalitet og farge på skanning og målestokk på kart. Vi meiner digitale kart vil gjere det enklare for både søker og saksbehandlar. Dersom Agros vert utstyrt med ein digital kartløysning, vil det også vere aktuelt å ha en funksjon for overføring av kart frå eit års søknad til eit anna.

§ 5 Krav til søknad og søknadsfrist

Ingen merknad.

§ 6 Rapportering og utbetaling

Det er positivt at det vil bli utvikla en rapporteringsmodul i Agros. Avhengig av korleis dette blir utforma, bør ein vurdere å skilje mellom rapportering for årlege tiltak og eingongstiltak i forskrifta jf. merknader til § 4.

§ 6 annan ledd første punkt (Rapport)

Her står det at; « [...] samt en beskrivelse av eventuelle avvik fra det som er opplyst i søknad og krav i vedtaksbrev». (vår understrekning). Forskrifta må ikkje opne for at søker kan avvike frå tiltaket slik det er beskrive i søknaden eller krav i vedtaksbrev, då det er dette som ligg til grunn for tildeling av tilskotet. Eventuelle endringar/avvik frå plan eller kostnadsoverslag må alltid avklarast med vedtaksmyndigheita - på førehand eller når det oppstår - slik at ein kan ta stilling til om det vil innverke på tilskotet.



§ 6 annan ledd første punkt (Rekneskap)

Her står det; «*rekneskap for tiltaket, inkludert inntekter og utgifter*». Ein bør vurdere om dette skal spesifiserast noko. Endringsforslag: rekneskap for tiltaket, med dokumentasjon av inntekter og utgifter. Begrepet dokumentasjon viser til faktura, timelister eller eit betalingsbilag.

§ 6 tredje ledd første punktum (Utbetaling)

Her bør det stå: Utbetaling av tilskudd skjer etter skriftlig anmodning til kommunen.

§7 Myndighet og klage

Ingen merknad.

§ 8 Opplysningsplikt og kontroll

Ingen merknad.

§9 Omgjøring og tilbakebetaling

Ingen merknad.

§ 10 Ikrafttredelse

Ingen merknad.

Anna

Vi oppmodar direktoratet om å utdype forskrifa, samt rollefordeling og organisering av UKL-ordninga, i rundskriv eller liknande.

Med helsing

Marianne Aas Halse (e.f.)
Fagkoordinator

Ragnhild Naug Aas
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent